Voss herad

Ordførar

Klima- Og Miljødepartementet
Postboks 8013 DEP
0030 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	26/8 - 109	16.10.2026

Innspel til stortingsmeldinga om villaks, sjøaure og sjørøye

Uttale frå formannskapet i Voss herad til ny stortingsmelding om villaks, sjøaure og sjørøye
Villaksen og sjøauren er ein viktig del av naturgrunnlaget, kulturhistoria og identiteten vår i Voss herad. Samstundes er dei ein ressurs for friluftsliv, reiseliv og lokal verdiskaping.

Formannskapet i Voss herad er glad for at regjeringa arbeider med ei ny stortingsmelding om villaks, sjæaure og sjørøye. Meldinga må leggja grunnlaget for politikk som både tek vare på bestandane og styrkjer lokalsamfunna si rolle i forvaltninga.

1. Styrk kunnskapsgrunnlaget og overvakinga
Forvaltninga av villaks og sjøauren må byggja på best mogleg kunnskap. Vossovassdraget har vore stengt for ordinært fiske sidan 1992, og det pågår eit omfattande restaureringsarbeid gjennom samarbeid mellom mellom anna Miljødirektoratet, NORCE og lokale frivillige krefter. Forvaltningslaget for Vossovassdraget peikar på at det i 2026 vart planta om lag 1,16 millionar rogn i vassdraget, og at overvaking av smoltutvandring og tilbakevandring gjev stadig betre kunnskap om utviklinga i bestanden.

Voss herad meiner det må satsast meir på nasjonal overvaking av lakse- og sjøaurebestandane. Betre data om innsig, smoltutvandring og overleving vil gje grunnlag for meir treffsikre forvaltningsavgjerder enn generelle stengingar og restriksjonar.

2. Sikra langsiktig finansiering av restaureringsarbeid
Restaurering av villaksbestandar krev langsiktig innsats over mange år. Erfaringane frå Voss syner at framgangen kjem gjennom målretta arbeid, forsking og lokal dugnad. Staten må difor sikra føreseielege økonomiske rammer for restaurerings- og overvakingstiltak i nasjonale laksevassdrag. Voss herad støttar også forslaget om å etablera eit nasjonalt restaureringsfond for vassdragsnatur. Eit slikt fond kan bidra til gjennomføring av viktige tiltak for fiskepassasje, habitatforbetring og restaurering av vassdragsmiljø.

3. Gje kommunane betre verktøy for klimatilpassing
Klimaendringane påverkar dei anadrome fiskebestandane gjennom større flaumhendingar, lengre tørkeperiodar og meir varierande vasstemperaturar.

Voss herad meiner at omsynet til villaks og sjøaure må integrerast tydelegare i statlege program for klimatilpassing. Kommunane treng både faglege verktøy og økonomiske verkemiddel for å gjennomføra naturbaserte løysingar i og langs vassdraga.

Voss herad
Uttrågata 9
5701 Voss

Tlf: 56 51 94 00
postmottak@voss.herad.no

Føretaksregisteret:
960510542

VOSS bygd for alle

Samstundes må nasjonale styresmakter leggja større vekt på korleis flaumvernstiltak, erosjonssikring og andre inngrep påverkar gyte- og oppvekstområde for fisk.

4. Kartlegg og fjern vandringshinder
Mange mindre inngrep utgjer samla sett store utfordringar for fiskebestandane. Voss herad støttar ei nasjonal kartlegging av vandringshinder og ein gjennomgang av regelverket knytt til kulvertar, røyr og mindre kryssingar av vassdrag.

Forvaltningslaget for Vossovassdraget peikar særleg på utfordringar knytt til kulvertar og kryssingar under veg og jernbane som ikkje er tilpassa vandrande fisk. Laget opplever også at lokale interesser ofte kjem for seint inn i planprosessane.

5. Styrk sjøauren si rolle i forvaltninga
Hardangerfjord Villfisklag har peika på at sjøauren må få ein meir sentral plass i forvaltninga av dei anadrome fiskebestandane. Voss herad deler denne vurderinga. Laget meiner at sjøauren bør løftast fram som indikatorart ved sidan av villaksen, noko som kan bidra til betre forvaltning av både sjøaure og laks.

Ei styrkt satsing på sjøaure er særleg viktig i fjordsystem som Hardangerfjorden, der fleire påverknadsfaktorar verkar saman.

6. Betre miljøvilkår i regulerte vassdrag
Voss herad meiner revisjon av kraftkonsesjonar må prioriterast høgare. Nye vilkår må leggja større vekt på minstevassføring, fiskepassasje og miljødesign.

Lokale erfaringar viser at reguleringar og endringar i vasstand kan påverka levevilkåra til laks og sjøaure vesentleg. Dette må få større merksemd i framtidige revisjonar av kraftkonsesjonar. Forvaltningslaget for Vossovassdraget har særleg løfta fram behovet for miljøforbetrande tiltak i samband med revisjon av vilkåra for Bergsdals- og Teigdalsvassdraget.

Avslutning
Forvaltninga av villaks, sjøaure og sjørøye er eit nasjonalt ansvar, men konsekvensane av utviklinga vert først og fremst merkte lokalt. Voss herad forventar at den nye stortingsmeldinga legg til rette for sterkare vern, betre kunnskapsgrunnlag, meir restaurering og eit tettare samarbeid mellom statlege styresmakter, kommunar, forskingsmiljø og lokale organisasjonar.

Målet må vera å sikra livskraftige bestandar av villaks og sjøaure for komande generasjonar.

Med venleg helsing

Tonje Såkvitne
Ordførar
Tlf: 95751635

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur